

# ÅRSMELDING

## STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF

Rundhaugen 45

5412 Stord



2012  
BYGG OG EIGEDOM

[www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)

# Styreleiar har ordet

Marknadsverdien til eigedomane til Stord kommune utgjer omlag NOK 1,5 milliardar. Det er Stord kommunale eigedom KF sitt ansvar å ivareta eigaransvaret for eigedomsmassen, samt å sikra ivaretaking av nedlagte verdiar. Å vera ansvarleg er slik ei av styret sine viktigaste verdiar.

Å vera ansvarleg med omsyn til god og langsiktig forvaltning har imidlertid vist seg å vera vanskeleg. Nettooverføringane, det vil seia differansen mellom husleiga og eigaruttaka, har dei siste åra ikkje på noko god måte reflektert storleiken på dei eigedomane som vert disponert. Sagt på ein annan måte: Stord kommune har eit alt for stort hus, ikkje med omsyn på arealstrøng, men med tanke på økonomi. Dette er svært illustrerande når vi ser på eigaruttaka som andel av husleiga: For åra 2010, 2011 og 2012 utgjer dette forholdet henholdsvis 77,7 %, 87,7 % og 99,9 %. Problema dette har medført har vorte løyst ved å redusera på vedlikehaldet, samt ved å bruka vedlikehaldspersonell på investeringsprosjekt i staden for på løypande vedlikehald. Denne løysinga har gitt ein kortsiktig positiv kostnadseffekt, men modellen er svært ugunstig på lang sikt. Sannsynet for at dette må tilbakebetalast med høge renter er overhengande stor. Det mest urovekkande i denne samanheng er at det er lite som tydar på at ein innan rimeleg tid vil sjå ein reell styrking i overføringane.

Overføringer mellom Stord kommune og SKE KF				
Tall i NOK	2010	2011	2012	B2013
Husleige	85 749 674	93 787 000	89 022 939	
Reinhalde	15 743 527	17 000 000	17 567 587	
Grønt			3 572 978	
<b>Bruttooverføring</b>	<b>101 493 201</b>	<b>110 787 000</b>	<b>110 163 504</b>	
 <b>Eigaruttkak</b>	 <b>66 654 797</b>	 <b>82 210 055</b>	 <b>88 935 000</b>	
 <b>Nettooverføring</b>	 <b>34 838 404</b>	 <b>28 576 945</b>	 <b>21 228 504</b>	 <b>29 200 000</b>
Eigaruttkak/husleige	77,7 %	87,7 %	99,9 %	
Inntekt per kvm	340,17	279,03	207,28	285,12
Utvikling		-18,0 %	-25,7 %	37,6 %

Eit av styret sine største fokusområder det siste året har slik vore å freista finna andre måtar å tilpassa føretaket situasjonen på, måtar med ein meir langsiktig profil enn den noverande. Dette innber mellom anna tiltak for å finstilla eigedomsmassen og den daglege drifta slik at kutta i vedlikehaldet kan minimerast. Dette målet samsvarar med dei langsiktige ideala som er sett for føretaket, noko som tyder at ein kan forventa tilfredsstillande forvalting av den formuen eigedomane representerer. Tiltak som effektivisering av areal og reduksjon av eigedomsmasse er konkrete tilpasningar som er føremålstenlege i dette høve.

Det er ein klar samanheng mellom lønsomhet og bærekraftig utvikling! Dette skal også kjenneteiknast av den eigedomsforvaltninga som blir utført av Stord kommunale eigedom.



# Innhald

---

**Del 1** Dette er Stord Kommunale Eigedom KF 3

Fakta om SKE KF

**Del 2** Oppsummering av 2011 5

**Del 3** Aktivitetar 2011 6

Drift og vedlikehald

Reinhold

Prosjekt

Kjøp og sal av eigedom

**Del 4** Styret og styresaker 12

Strategiseminar

**Del 5** Helse, miljø og tryggleik (HMT) 14

**Del 6** Nøkkeltal 14

**Del 7** Årsrekneskap 16

Kommentar til årsrekneskap

TalDEL til årsrekneskap

Drift

Investering

Balanse

Noter

# Dette er Stord kommunale eigedom KF

## Fakta om SKE KF

Namn: Stord kommunale eigedom KF  
Organisasjonsform: kommunalt føretak  
Organisasjonsnummer: 994 294 261  
Eigar: Stord kommune  
Etablert: 01.07.2009  
Besøksadresse: Rundehaugen 45, Heiane  
Postadresse: Postboks 304, 5402 Stord  
Webadresse: [www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)  
E-post: [ske@stord.kommune.no](mailto:ske@stord.kommune.no)



## Visjon for Stord kommunale eigedom KF


**Stord kommunale eigedom KF skal gjennom god og effektiv forvaltning  
av kommunale eigedomar fremja trivsel og skapa gode vilkår  
for kommunal verksemd.**



## Føremål og oppgåver

- ❖ Overordna mål:
  - ❖ Ivarera eigaransvaret for eigedomar og bygg
  - ❖ Sikra ivaretaking av nedlagte verdiar
- ❖ Driftsmål:
  - ❖ Kostnadseffektiv
  - ❖ Serviceretta
- ❖ Ansvar:
  - ❖ Utvikling, forvaltning, drift og vedlikehald
  - ❖ Kjøp og sal av eigedomar

## Organisasjonskart




## Utvikling av organisasjonen

Til å utføra dette arbeidet er det til saman 62 tilsette fordelt på fire i administrasjon, to på prosjekt, 12 driftsoperatørar inklusive avdelingsleiar, tre i grønt avdeling, ein til forvaltning av bustadar og 40 reinhaldarar inklusiv avdelingsleiar.

Stord kommunale eigedom KF er ei godkjend lærlingsverksem og har frå 2011 avtale med ein lærling i tømrarfaget.

## Fordeling av tilsette



# Oppsummering av 2012

2012 har vore eit svært krevjande år for Stord kommunale eigedom KF, mellom anna med bakgrunn i store innstrammingar i budsjetttrammene vedteke av kommunestyret i ekstraordinært kommunestyremøte den 22. mars.

Konsekvensane for Stord kommunale eigedom KF har vore at halve driftsoperatørstyrken måtte flyttast over frå drift til investeringsprosjekt, noko som har medført at det for 2012 berre har vore 5-6 driftsoperatørar (vaktmeistarar) igjen til å ta unna driftsoppgåvene for kommunale bygg på til saman 100 000 m<sup>2</sup>. Dette har vore ein svært vanskeleg situasjon då ein har vore svært sårbar i sjukdomssituasjonar og ved ferieavvikling, i tillegg til at det ikkje har vore midlar igjen til løpende vedlikehald i 2012.

I tillegg har Stord kommunale eigedom KF måttta foreta ein stor reduksjon i reinhaldstenestene med til saman seks (6) årsverk. Konsekvensane av desse innsparingane har mellom anna vore reduksjon av reinhaldsfrekvens, mindre reinhald og brukarmedverknad frå leigetakarane.

I vedtekten står det at føretaket skal ivareta eigaransvaret for Stord kommune sine eigedomar og bygg og sikra at dei verdiar som er nedlagt vert ivaretakne. Med bakgrunn i dei store innstrammingane i budsjetttrammene som kommunestyret har vedteke, har Stord kommunale eigedom KF også i 2012 måttta endra hovudfokus, frå å ta vare på bygga til berre å halda dei opne.

For 2012 er konsekvensen at internhusleiga ikkje lenger samsvarar med dei faktiske realitetane på grunn av for stor overføring (eigaruttak) til Stord kommune. Dei vil seia at ein har fått mykje større etterslep enn ein hadde ved inngangen av 2012, i storleiken ca. 5 - 10 millionar. Samstundes har føretaket gjort store endringar for reinhaldstenestene med omsyn på organisering, endring av frekvens for reinhald, flytting av personell m.m.

I samband med handsaming av årsbudsjett 2012 vedtok Kommunestyret i møte den 01.12.2011, sak PS 71/11 mellom anna følgjande i pkt. 8:

«Fagavdelinga for park og grønt vert overført til Stord kommunale eigedom KF frå 1.1.2012.»

Med bakgrunn i dette vart bemanninga ved føretaket auka med 3 personar innanfor fagområdet park og grønt frå 1. januar i 2012.

## Vedlikehaldsfond

Kommunestyret vedtok i 2011 at det ved sal av kommunale eigedomar skal 60 % av salsinntektene overførast til eit vedlikehaldsfond. Ved handsaming av budsjett for 2013 vedtok kommunestyret i møte den 29.11.2012, sak PS 89/12 at det ved sal av eigedom skal salssummen nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lån/investeringar i føremålsbygg.

Med bakgrunn i dette vil det etter 2012 ikkje bli tilført nye midlar til vedlikehaldsfond som kan styrka vedlikehaldet og redusera etterslepet for dei kommunale bygningane.

# Aktivitetar 2012

## Drift og vedlikehald



Stord kommunale eigedom KF har ansvar for ytre og indre vedlikehald av kommunale bygningar og drift og vedlikehald av faste tekniske installasjonar som t.d. heis, varmeanlegg, sanitæreranlegg, ventilasjonsanlegg, elektriske installasjonar, brannalarmanlegg, sprinklaranlegg og symjebasseng.

Dette vert mellom anna gjort internkontrollar og service og vedlikehaldsavtalar med eksterne føretak.

Bilete viser driftsoperatør, som via Stord kommunale eigedom KF si sentrale driftsstyringssystem (SD-system), styrar ljós, varme og ventilasjon for dei einskilde kommunale bygg. Dette er ei viktig brikke i kommunen sin ENØK profil.

## Reinhald

2012 har vore eit særskilt år for reinhaldstenestene. Etter kommunestyret sitt vedtak i mars 2012 om reduksjon i reinhaldstenestene, arbeidde ein fram til sommarferien med omplassering av 6 årsverk frå føretaket til andre stillingar i kommunen.

Etter dette fortsette arbeidet med organisering, endring av frekvens for reinhald og omflytting på personell mellom dei ulike kommunale byggja. Dette var ei omfattande og tidskrevjande oppgåve, som også var belastande for miljøet i reinhaldsgruppa. For å bøta på dette vart det i desember gjennomført ei personalsamling (seminar) med alle reinhaldarane i Skånevik.

Reinhaldet vert framleis utført etter INSTA 800, men no med redusert reinhaldsfrekvens, mindre reinhald og større brukarmedverknad frå leigetakarane.

Reinhald er framleis eit fundament for eit godt arbeidsmiljø.

Reinhaldarane skapar auka trivsel og sikrar eit godt hygienisk miljø for alle brukarane i kommunale bygg.



## Prosjekt



### Frugarden gravplass

Med bakgrunn i rekjkjefølgjekrav i reguleringsplanen har ein i denne omgang teke med opparbeiding av halve gravplassen (byggetrinn 1) med ca. 1000 graver og 250 urnegraver. Det er inngått kontrakt med entreprenør Lars Staupe AS, som generalentreprise for alle utførande fag for byggetrinn 1. Anleggsarbeidet med kyrkjegården starta august 2012, med avtalt byggetid for byggetrinn 1 på 12 månader. Eit lite delfelt med ca. 100 graver vert prioritert først og vil vera klart til delovertaking våren 2013.



### Hystad skule – uteområde

Gardsrommet ved Hystad skule hadde etter kvart fått ei svært ujamn overflate og uryddig vegetasjon. Med bakgrunn i dette vart uteområdet rehabilitera hausten 2012. Plassen vart fylt opp, retta av og asfaltert for betre oppsamling av overvatn og universell tilkomst til inngangsdørane. Avslutning med enkelt amfi i naturstein er planlagt våren 2013. Prosjektet vart gjennomført som miljøtiltak med delfinansiering frå Hystad skule.



### Langeland skule – nybygg

Utbygging av Langeland skule med eit nytt bygg (byggetrinn 1) vart vedteke av kommunestyret i februar 2012. Riving av «Dahlhuset» og grunnarbeid vart utført sommaren 2012.

Nybygget er planlagt ført som permanent modulbygg, med Malthus AS som totalentreprenør for alt over grunnmur. Betongarbeid for byggetrinn 1 og planering av uteområdet var ferdig i september og modulane montert i oktober.


I oktober vedtok kommunestyret at nybygget skulle forserast ved at også byggetrinn 2 skulle byggjast.

Ferdiggjering og overtaking av byggetrinn 1 og 2 er planlagt i løpet av februar 2013. Med dette vil Langeland skule få ei tilvekst på 4 nye store klasserom, 3 grupperom, tilhøyrande garderobar, toalett, teknisk rom m.m.



## **Knutsaåsen – Åsen bufellesskap for funksjonshemma**

Dei siste bustadene i prosjekt Modell for bustadbygging (MFBB), Åsen bufellesskap i Knutsaåsen vart gjort ferdig i 2. kvartal og innflytting fann stad hausten 2012. Bufellesskapet for yngre funksjonshemma inneheld 4 bustadeiningar, personalbase og fellesrom. Både bygga er bygd med reisverk og kledning av trevirke og står på ringmur av betong. Dei er bygd som eit lågenergihus, har universell utforming med heis/løfteplattform i både bygga og er utført med bustadsprinkelanlegg.



## **Vidsteenparken**

Med bakgrunn i formannskapssak PS14/11 og ekstern finansiering frå Venelaget for Parken, er det sett i gang arbeid med forstudierapport - ein overordna plan som skal legga til rette for bruk og utvikling av parken, til nytte og glede for innbyggjarane.

Arbeidet vert leia av ei prosjektgruppe med prosjektleiar frå Stord Kommunale Eigedom KF og utført av Plan Vest AS. Ein ser for seg at planarbeidet skal vera ferdig våren 2013.




## **Tjødnalio barnehage – vognskur**

Tjødnalio barnehage har 2012 fått eit nytt tilbygg med vognskur, slik at dei minste barna trygt kan sova i barnevognene uavhengig av veret.

Tilbygget er på ca. 20 m<sup>2</sup>, og er godt tilpassa eksisterande bygning.

Det er Stord kommunale eigedom KF som sjølv har stått for gjennomføring, med ein tømrar og ein lærling. I tillegg har ein ordna opp i uteområdet for barnehagen.



### Kulturhuset – isolering kulturskulen

I lokal til kulturskulen i kulturhuset er det gjort eit omfattande arbeid med lydisolering av veggar og nye lydisolerte dørar til kvart einskild musikkovingsrom.

I 1. etasje er det utført lydisolering for 2 rom. I 2. etasje omfattar arbeida omplassering og lydisolering av veggar heilt opp til tak/betongdekke og montering av lydisolerte dører i 10 rom.

I tillegg er lokal rehabilert med nytt brannvarslingsanlegg og naudljosanlegg.



### Vikahaugane – garderobar i gamle hallen

Arbeidet med totalrehabilitering av dei første to garderobane i «gamle» hallen på Vikahaugane vart avslutta og garderobane vart nyopna for bruk i mai 2012. Etter rehabiliteringa framstår garderobane no som lyse og imøtekommende for brukarane med ny og betre planløsing. Det er også lagt til rette for betre tilgjenge og gode dusjfasettar, der dusjareala er delt med skiljeveggar.

Dei to neste garderobane er planlagd rehabilert i 2013.



### Naudstraumsaggregat (SKE bygg Heiane, Rehabiliteringssenteret og Rådhuset)

I 2012 vart det montert aggregat for naudstraum for kommunen sine dataserverer i Rundehaugen 45.

I Rådhuset vart det montert aggregat for naudstraum for mellom anna kommunen sine dataserverer og krisehandtering. Ovannemnde er forventa å vera komplett ferdig og teke i bruk våren 2013.

Naudstraumsaggregat for Rehabiliteringssenteret er levert og klart for montering. Arbeid med montering forventa ferdig i 1. halvår 2013.



### Rådhushuset – rehabilitering av kommunestyresalen

Hausten 2012 vart det sett i gong arbeid med rehabilitering av kommunestyresalen. Det er lagt nytt golvbelegg, ny innreiing på podiet, ny talarstol, nytt tak, ny belysning, nytt video og audioanlegg og nye bord og stoler til politikarane med endra plassering. I tillegg er det lagt opp til nytt ventilasjonsanlegg i salen. Dette vil bli kopla til nytt ventilasjonsaggregat, som skal monterast i kjellaren i Rådhushuset. Arbeidet er planlagt ferdigstilt i løpet av 1. halvår i 2013.



### Åsskogen – ny fotballbane m/ballbinge

I løpet av 2012 vart fotballbane (liten), ballbinge og tilhøyrande parkeringsplass i Åsskogen gjort ferdig. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt med Stord idrettslag. Fotballbanen var opphavleg planlagd med grusdekke, men underveis i prosjektet vart dette endra til kunstgrasdekke. Anlegget i Åsskogen framstår i dag som eit fint og godt nærmiljøanlegg på Ås.



### Industribygget på Litlabø

Etter at eit tidlegare vedtak om sal av det snart 35 år gamle Industribygget på Litlabø vart stogga i kommunestyret hausten 2011, tok Stord kommunale eigedom KF grep om bygget.

Dette har resultert i at 7 forskjellige leidgetakrar no er på plass, og at bygget er heilt uteigd.

2012 har og vorte nytta til noko opprusting av bygget. M.a. er det sett inn to nye industriportar. Arbeidet med ei gradvis opprusting av bygget vil halda fram.

## **Kjøp og sal av eigedom**



### **Kjøp av to private eigedomar i Kringsjå**

Vidare utvikling og utbygging av Stord sjukeheim vil vera ei viktig oppgåve for Stord kommune i nær framtid. I samband med dette har Stord kommunale eigedom KF kjøpt to private naboeigedomar i Kringsjå. Dette kjøpet vert å sjå på som eit strategisk oppkjøp med tanke på å leggja til rette for ei slik utbygging og utvikling. Kjøpet er og i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Dei to tomtene utgjer eit samla areal på 2096 m<sup>2</sup>.

Stord kommunale eigedom KF har, i tråd med kommunestyret sine vedtak om sal av eigedomar, i 2012 arbeida fortløpende med dette.

Når det gjeld sal av større verdi kan me nemna felt nr. B7 i Kåreviksmarka. Kjøpar her var Valvatna Bygg AS. Dette salet vart avslutta i 2012.



### **Sal av gamle Ormaberget skule**

Kontrakt om sal av gamle Ormaberget skule vart underteikna hausten 2012.

Kjøpar her er Ormaberget AS, eit underfirma av Ing. Øyvind Jørgensen AS.

Salet omfattar, i tillegg til den gamle skulebygningen, også eit areal på i overkant av 3000 m<sup>2</sup>.

Ormaberget AS er no i gang med ein reguleringsprosess for området.

Fleire mindre sal er også gjennomført i 2012. Oftast er det tale om sal av tilleggsareal til eksisterande private bustadtomter/-eigedomar, der dette er mogeleg etter gjeldande rutinar.

Nemnast må og Huglo barnehage. Etter vedtak i kommunestyret fekk Huglo bygdelag i 2012 tilbod om å kjøpa denne eigedomen for ein symbolsk sum. Salet vart ikkje avslutta i 2012.

Fleire sal av kommunale eigedomar står for tur. Dette vil verta gjennomført fortløpande.

## Styret og styresaker

Føretaket er organisert med eit eige styre, og har i dag 5 medlemmer samansett av 4 representantar frå det private næringsliv i kommunen valt av kommunestyret og eitt medlem valt av dei tilsette.  
I tillegg er det 4 varepresentantar.

Medlemmer første halvår 2012:

Håvard Framnes	styreleiar
Lene Holm Grasdal	nestleiar
Steinar Røgenes	styremedlem
Justine Koløen	styremedlem
Espen Lamo	tilsettrepresentant

Vara medlemmer:

Asgeir Damman	fast vara
Trude Stokka	fast tilsettrepresentant
Målfrid Hagen Dramdal	
Kåre Løkhammer	

Medlemmer andre halvår 2012:

Bjarte Salomonsen	styreleiar
Steinar Røgenes	nestleiar
Hilde Førland Eide	styremedlem
Bjørg Tislevoll	styremedlem
Espen Lamo	tilsettrepresentant

Vara medlemmer:

Asgeir Damman	fast vara
Nina Engelsen	fast tilsettrepresentant
Målfrid Hagen Dramdal	
Kåre Løkhammer	

Styret har i 2012 halde 9 styremøte og handsama til saman 21 saker (orientering- og vedtakssaker).

Stord kommunale eigedom KF har for 2012 handsama og oversendt 7 saker til kommunestyret for endeleg godkjenning.

Styremøta er også i 2012 halda på ymse kommunale bygg, for å gjere styret kjent med dei einskilde bygningsobjekta som føretaket forvaltar. I 2012 er det t.d halde møte på følgjande bygg: Knutsaåsen omsorgssenter, Litlabø skule og Vikahaugane idrettspark.

## **Strategiseminar for Stord kommunale eigedom KF den 30. oktober 2012 Vikahaugane**

Det har i 2012 vore arrangert eit strategiseminar med politikarar, rådmannen og styret i Stord kommunale eigedom KF.

Temaet i år var mellom anna vidare strategi for eigedomsføretaket, med innlegg frå styreleiar Bjarte Salomonsen, rådmann Magnus Mjør, ordførar i Drammen Tore Opdal Hansen, dagleg leiar Ola Mæhlum i Røyken Egedom AS og ordførar Liv Kari Eskeland.

Under seminaret var det engasjerande diskusjonar om temaet, og tilbakemeldingar på seminaret har vore gode og at det var ønskje om eit nytt seminar til neste år.

Styreleiar Bjarte Salomonsen i Stord kommunale eigedom KF innleia med ei orientering om styret sine oppgåver i føretaket.

Ordførar i Drammen Tore Opdal Hansen orienterte i sitt innlegg om at Drammen var tidleg ute med etablering av kommunalt eigedomsføretak i 1996, og kva som har vore suksessfaktorane for at eigedomsføretaket har fungert godt. Det vart her lagt særleg vekt på eigarstrategi, eigarmøter m.m.



I sitt innlegg orienterte dagleg leiar Ola Mæhlum i Røyken Egedom AS om erfaringar med drift av eit heileigd kommunalt aksjeselskap. Der avslutta han med at det er ikkje viktig kva for selskapsorganisering ein vel, men viktigare at ein køyrer eit skikkeleg løp i det føretaket ein har valt.



Frå Stord kommune heldt rådmann Magnus Mjør eit innlegg om strategisk leiing sine forventningar til eigedomsforvaltinga, medan ordførar Liv Kari Eskeland avslutta med kva for politiske forventningar det er til eigedomsforvaltinga.

I etterkant av ovannemnde innlegg vart strategiseminaret avslutta med ein nyttig og konstruktiv debatt rundt bordet.

# Helse, miljø og trygleik (HMT)

## Ytre miljø

Stord kommunale eigedom KF har ingen aktivitet som forureinar ytre miljø. Det er etablert gode rutinar for avfallshandtering. Det er inngått drifts- og serviceavtalar for transport og deponering av avfall.

## Helse

Stord kommunale eigedom KF er ein IA bedrift. Statistikken for eigedomsføretaket syner i 2012 eit samla sjukefråvær på 9,44 % mot 10,48 % i 2011. For Stord kommune syner statistikken eit samla sjukefråvær på 8,66 % i 2012, medan det var på 9,36 % i 2011.

## Nøkkeltal

Nøkkeltal for kommunale føremålsbygg i 2012 er vist i tabell nedanfor. Denne syner kostnadar per kvadratmeter for FDV og reinhald.

**Nøkkeltall forvaltning, drift og vedlikehold Føremålsbygg per byggtypes, rekneskapstal 2012**

Byggtypes	Administrasjon	Skule	Barnehage	Helse	Andre	<b>Sum</b>
Bruttoareal (kvm)	11 693	41 237	2 745	12 210	12 111	<b>79 996</b>
Reinhaldsareal (rkvm)	8 541	34 144	2 646	8 751	-	<b>54 082</b>
Forvaltning (F)	499 196	1 684 429	182 194	889 725	393 103	<b>3 648 647</b>
Drift (D)	614 354	2 746 272	349 527	1 649 829	901 552	<b>6 261 535</b>
Vedlikehald (V)	215 935	906 508	121 107	160 103	154 475	<b>1 558 128</b>
Sum FDV	1 329 485	5 337 209	652 828	2 699 657	1 449 131	<b>11 468 310</b>
F/kvm	42,69	40,85	66,37	72,87	32,46	<b>45,61</b>
D/kvm	52,54	66,60	127,33	135,12	74,44	<b>78,27</b>
V/kvm	18,47	21,98	44,12	13,11	12,75	<b>19,48</b>
FDV/kvm	113,70	129,43	237,82	221,10	119,65	<b>143,36</b>
FDV/nettooverføring kommune	6,3 %	25,1 %	3,1 %	12,7 %	6,8 %	54,0 %
Andel FDV relativt til bruttoareal	79,3 %	90,3 %	165,9 %	154,2 %	83,5 %	100,0 %
Reinhaldekskostnader	1 617 561	9 346 519	1 015 180	2 521 704	-	<b>14 500 965</b>
Reinhaldekskostnader/rkvm	189,39	273,74	383,67	288,16	-	<b>268,13</b>

Tala viser at det for driftsåret 2012 vart utført ytterlegare kutt i vedlikehaldskostnadene. Gjennomsnittleg vedlikehald per kvadratmeter utgjorde NOK 19,48 for føremålsbygga, noko som er vesentleg mindre enn det som skal til for å gjennomføra verdibevarande vedlikehald. Ikkje overraskande var det barnehagane og helsebygga som var mest kostnadskrevjande relativt til arealet.

**Nøkkeltall forvaltning, drift og vedlikehold Føremålsbygg per byggtypes, samanlikning 2011 og 2012**

Tal i NOK

Byggtypes	Administrasjon	Skule	Barnehage	Helse	Andre	Sum
Bruttoareal (kvm)	11 693	41 237	2 745	12 210	12 111	<b>79 996</b>
Reinhaldsareal (rkvm)	8 541	34 144	2 646	8 751	-	<b>54 082</b>
<b>2011</b>						
F/kvm	49,66	45,42	67,21	89,05	32,08	<b>51,43</b>
D/kvm	58,47	76,97	162,60	113,33	66,67	<b>81,20</b>
V/kvm	25,24	20,37	40,30	12,02	8,14	<b>18,64</b>
FDV/kvm	133,37	142,76	270,11	214,40	106,90	<b>151,26</b>
Reinhaldkostnader/rkvm	205,50	278,02	384,76	299,09	-	<b>275,20</b>
<b>2012</b>						
F/kvm	42,69	40,85	66,37	72,87	32,46	<b>45,61</b>
D/kvm	52,54	66,60	127,33	135,12	74,44	<b>78,27</b>
V/kvm	18,47	21,98	44,12	13,11	12,75	<b>19,48</b>
FDV/kvm	113,70	129,43	237,82	221,10	119,65	<b>143,36</b>
Reinhaldkostnader/rkvm	189,39	273,74	383,67	288,16	-	<b>268,13</b>
<i>Utvikling FDV-kostnader</i>	<i>-14,7 %</i>	<i>-9,3 %</i>	<i>-12,0 %</i>	<i>3,1 %</i>	<i>11,9 %</i>	<i>-5,2 %</i>
<i>Utvikling reinhaldkostnader</i>	<i>-7,8 %</i>	<i>-1,5 %</i>	<i>-0,3 %</i>	<i>-3,7 %</i>	<i>-</i>	<i>-2,6 %</i>

Samanlikna med 2011 utgjer gjennomsnittlege kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald NOK 7,90 (5,2 % reduksjon) mindre i 2012. Sett i samanheng med at reduksjonen i nettooverføringane var på over 25 % kan ein sjå seg nøgd med at kutta ikkje vart større. Gapet mellom reduksjonen i FDV-kostnadene og kutta i overføringane er henta frå andre deler av føretaket, og er å rekna som kortsiktige tiltak. Dei gjennomsnittlege reinhaldkostnadene per kvadratmeter er også reduserte frå NOK 275,20 i 2011 til NOK 268,13 i 2012 (2,6 % reduksjon).

# Årsrekneskap 2012

## Kommentar til årsrekneskap 2012

Årsresultatet for 2012 føreligg for Stord Kommunale Eigedom KF. Samanlikna med revidert budsjett for 2012 av 22. mars representerer årsrekneskapet enkelte avvik. Sett i samband med dei driftsmessige utfordringane og dei rådande rammevilkåra, representerer resultata fleire positive driftsmessige element som det er verdt å byggja vidare på. Samstundes er fleire av tiltaka av ein kortsiktig karakter som det er naudsynt å erstatta med permanente løysingar.

Føretaket sine samla leigeinntekter i 2012 (2011 i parantes) var NOK 105,3 (NOK 114,8) millionar. Endringa frå 2011 er sett saman av årleg leigeregulering på plussida, men er også påvirka av leigebortfall frå selde eigedomar og igongsette rehabiliteringsprosjekt. Andre driftsinntekter var NOK 40,2 (NOK 40,0) millionar. Dette er inntekter som kjem frå sal av reinhaldstenester, overføringer til grøntavdelinga, refusjonar, i tillegg til kompensasjon av mva. Føretakets samla driftsinntekter var NOK 145,5 (NOK 154,8) millionar. Samanlikna med revidert budsjett er driftsinntektene for 2012 NOK 5,6 millionar lågare enn budsjett. Av avviket kjem NOK 9,4 millionar som følgje av mindre inntekter frå kompensasjon av mva frå investeringar. Dette er ein direkte effekt av at Ådland studentheim ikkje vart iverksatt, samt at gravplassen ved Frugarden vart igongsett seinare enn planlagt. Sett i lys av dette er summen av dei øvrige driftsinntektene rundt NOK 4,5 millionar betre enn budsjett.

Samla driftskostnader i 2012 var NOK 126,7 (NOK 142,4) millionar. Effektar som har vore med på å redusera kostnadssida er blant anna reduksjon i staben, reduserte forsikringskostnader, lågare utlegg til burettslag, samt realisering av tapsførte postar. Summen av desse postane utgjorde kostnadsreduksjonar på NOK 2,6 millionar samanlikna med budsjett. På den andre sida har lovpålagte drifts- og vedlikehaldsoppgåver, som til dømes kontroll- og reparasjon av brannalarmanlegg, representert den største kostnadssprekken samanlikna med budsjett med eit avvik på NOK 2,4 millionar. Med avskrivningar på NOK 22,2 (NOK 20,6) millionar oppnår føretaket eit resultat frå eigedomsdrift på NOK 40,9 (NOK 33,1) millionar.

Av føretakets samla leigeinntekter utgjorde inntekter frå eksterne leidgetakrar og utleige av bustader NOK 15,4 millionar (14,6 prosent), eller rundt NOK 0,7 millionar lågare enn budsjett. Budsjettavviket kjem i all hovudsak frå lite tilfredsstillande utleigedeckning på bustadene som følgje av trøng for rehabilitering. Det eksisterer i tillegg eit potensiale når det kjem til marknadstilpassing av husleiga på føretaket sine bustader. Reforhandling og signering av nye kontraktar er difor viktige tiltak som føretaket vil ha fokus på kommande år.

Føretaket sitt driftsresultat utgjorde NOK 18,8 (NOK 12,5) millionar.

Netto finanspostar var NOK -14,2 (NOK -8,9) millionar. Føretaket sin rentekostnad utgjorde NOK 19,7 (NOK 0,03) millionar.

Føretaket sitt netto driftsresultat for 2012 vart NOK 4,6 (NOK 3,6) millionar. Overføringer til investeringsrekneskapet utgjorde NOK 6,1 (NOK 5,9) millionar. Dette tilsvrar eit avvik på NOK 5,6 millionar mot revidert budsjett. Dette kjem som følgje av lågare investeringsverksemد samanlikna med budsjett. På inntektssida utgjorde reduksjonen NOK 9,4 millionar. 60 prosent av kompensert mva vert tilbakeført som avsetnad, og budsjettavviket stammar i sin heilskap frå dette. Resultat etter interne finanstransaksjonar var NOK -1,5 (NOK -2,3) millionar for føretaket Stord Kommunale Eigedom KF.

Føretaket sin bokførte totalkapital ved utgangen av året var NOK 814,7 (NOK 802,8) millionar. Balanseverdien av føretaket sine eigedomar samt eigedomar holdt for sal har i 2012 økt med NOK 28,8 millioner, og er NOK 785 millionar. Det er ikkje utført verdijustering av eigedomsmassen i balansen, og det eksisterer slik vesentlege skjulte balanseverdiar. Føretaket har i 2012 hatt ein auke i netto renteberande gjeld på NOK 5,0 millionar.

Føretaket sin eigenkapital per 31.12.2012 er NOK 203,7 (NOK 200,0) millionar. Føretaket har ein eigenkapitalandel på 25,0 prosent (24,9 prosent) ved utgangen av året.

#### Oppsummering resultat og balanse SKE, 2011 og 2012

Tal i NOK 1 000

RESULTAT	2012	B2012	DIFFERANSE	2011
Driftsinntekter	145 499	151 144	-5 645	154 831
Driftsutgifter	126 745	139 384	-12 639	142 375
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>18 754</b>	<b>11 760</b>	<b>6 994</b>	<b>12 456</b>
Resultat av finansutgifter og avskrivningar	-14 147	-	-14 147	-8 907
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>4 607</b>	<b>11 760</b>	<b>-7 153</b>	<b>3 549</b>
Avsetnadar	6 122	11 760	-5 638	5 850
<b>Resultat</b>	<b>-1 515</b>	-	<b>-1 515</b>	<b>-2 301</b>
<hr/>				
<b>BALANSE</b>	<b>2012</b>	<b>%</b>		<b>2011</b>
Anleggsmidlar	785 380	96,4 %		756 555
Omløpsmidlar	29 346	3,6 %		46 253
<b>Eigedeler</b>	<b>814 727</b>			<b>802 808</b>
<hr/>				
Eigenkapital	203 659	25,0 %		200 017
Langsiktig gjeld	572 278	70,2 %		548 608
Kortsiktig gjeld	38 791	4,8 %		54 183
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>814 727</b>			<b>802 808</b>
<hr/>				
Renteberande langsiktig gjeld	500 797			474 365
NIBD	502 145			497 122

I budsjettrapport for 2. tertial i 2012 låg det føre følgjande prognose for årsrekneskapet:

«Ut frå ovannemnde er utviklinga av årsresultatet i stor grad avhengig av framdrift i investeringsprosjekta. Når det gjeld prosjekt Gravplass i Frugarden er denne no kome godt i gang. Vidare er det under arbeid alternativ løysing som erstatning for prosjekt Ådland studentheim. Dette vert å avklara med eigen melding frå rådmannen. Ut frå dette kan det sjå ut som om prognose for samla underskot for årsresultatet vert på ca. 4,5 mill.»

Overføringane mellom Stord kommune og føretaket utgjorde i 2012 NOK 110,2 millionar fordelt på husleige, reinhalds- og grøntavdelinga. Eigaruttaket for året var NOK 88,9 millionar, noko som utgjer 99,9 prosent av husleiga.

Dei driftsmessige utfordringane dette medfører når det kjem til forvalting, drift og vedlikehald av bygga er ikkje ubetydelege. Verdibeharande vedlikehald vert svært vanskeleg, og ein stor del av tenestene er på eit minimumsnivå. FDV-kostnadene er redusert for 2012 samanlikna med tidlegare år, men det som er gledeleg er at føretaket trass kutta i overføringane relativt sett leverer tenester av høgare verdi.

Trass ytterlegare reduksjon i rammevilkåra leverer føretaket, samanlikna med foregåande år, akseptable tenester, men riktignok ikkje i nærlieken av eit verdibeverande nivå. Driftsresultatet er det beste føretaket har levert sidan etablering, samstundes som nettooverføringane aldri har vore lågare. Resultatet kan tolkast i den forstand at føretaket har lykkast med fleire av profesjonaliseringsmåla sine, både når det gjeld administrative oppgåver, men ikkje minst også blant vaktmeistrane og reinhaldarane som dei siste åra har levert gode og stadig meir effektive tenester til trass for manglande ressursar. Resultatet syner også at tiltak som reduksjon av areal og stab som er gjennomført i 2012 har hatt positiv effekt, og bør slik også vera gjenstand for vurdering i den vidare utforminga av føretaket.

Stord, den 25. mars 2013

Bjarte Salomonsen  
Styreleiar

Steinar Røgenes  
Nestleiar

Bjørg Tislevoll  
Styremedlem

Hilde Førland Eide  
Styremedlem

Espen Lamo  
Styremedlem

Rune Hansen  
Dagleg leiar

## Taldel til årsrekneskap 2012

Økonomisk oversikt drift  
Økonomisk oversikt investering  
Oversikt balanse  
Noter

## Økonomisk oversikt Stord Kommunale Eigedom KF

Tekst	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
<b>Driftsinntekter</b>					
Brukabetalinger			0	0	0
Andre sals- og leigeinntekter	-17 015 555	-17 410 223	-21 734 838	-17 607 295	-7 551 718
Overføringer med krav til mottying	-128 483 299	-133 733 987	-133 095 905	-109 814 485	-24 990 441
Rammetilskot					0
Andre statlege overføringer					0
Andre overføringer					0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-145 498 854</b>	<b>-151 144 210</b>	<b>-154 830 743</b>	<b>-127 421 780</b>	<b>-32 542 159</b>
<b>Driftsutgifter</b>					
Lønsutgifter	22 813 216	23 511 341	22 626 210	22 628 635	11 152 241
Sosiale utgifter	6 485 035	6 411 055	5 947 021	5 241 362	3 167 760
Kjøp av varer og tenester som inngår i prod.	22 946 552	19 794 331	22 864 861	22 323 791	13 447 089
Kjøp av varer og tenester erstattar eigenprod.	709 531	402 000	14 425 981	9 658 093	6 096 349
Overføringer	56 129 278	93 765 483	58 457 890	71 871 534	3 171 325
Avskrivningar	22 161 444	0	20 626 597	20 031 857	7 530 191
Fordelte utgifter	-4 500 340	-4 500 000	-2 573 900	-1 272 984	-1 654 010
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>126 744 716</b>	<b>139 384 210</b>	<b>142 374 659</b>	<b>150 482 288</b>	<b>42 910 945</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-18 754 139</b>	<b>-11 760 000</b>	<b>-12 456 084</b>	<b>23 060 508</b>	<b>10 368 786</b>
<b>Finansinntekter</b>					
Renteinntekter og utbytte	-402	0	4 984	-13 040	-2 009
Mottekne avdrag på utlån	0	0	0	0	0
<b>Sum Eksterne finansinntekter</b>	<b>-402</b>	<b>0</b>	<b>4 984</b>	<b>-13 040</b>	<b>-2 009</b>
<b>Finansutgifter</b>					
Renteutgifter og låneomkostnader	19 705 778	0	28 903	59 139	4 120
Avdrag på lån	16 603 000	0	29 500 000	0	0
Utlån			0	0	0
<b>Sum Eksterne finansutgifter</b>	<b>36 308 778</b>	<b>0</b>	<b>29 528 903</b>	<b>59 139</b>	<b>4 120</b>
Resultat ekst.finanstransaksjonar	36 308 376	0	29 533 887	46 100	2 111
Motpost avskrivningar	-22 161 444	0	-20 626 597	-20 031 857	-7 530 191
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4 607 207</b>	<b>-11 760 000</b>	<b>-3 548 794</b>	<b>3 074 751</b>	<b>2 840 706</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>					
Bruk av udisponert frå tidlegare år			0	0	0
Bruk av disposisjonsfond			0	0	0
Bruk av bundne fond			0	0	0
Bruk av likviditetsreserve			0	0	0
<b>Sum bruk av avsetnader</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overført til investeringsrekneskapet	6 121 517	11 760 000	5 850 159	0	0
Avtak til dekning frå tidlegare år			0	0	0
Avtak til disposisjonsfond			0	0	0
Avtak til bundne fond			0	0	0
Avtak til likviditetssreserven			0	0	0
<b>Sum avsetnader</b>	<b>6 121 517</b>	<b>11 760 000</b>	<b>5 850 159</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Resultat etter int. finanstransaksjoner</b>	<b>1 514 310</b>	<b>0</b>	<b>2 301 365</b>	<b>3 074 751</b>	<b>2 840 706</b>

## Økonomisk oversikt investering

Tekst	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
<b>Inntekter</b>					
Sal av driftsmidler og fast eigedom				0	0
Andre salsinntekter		-231 243	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	-571 350	0	-228 223	-8 869 370	
Statlege overføringer		0	0	0	0
Andre overføringer	-6 838 251	0	-6 750 529	-1 130 526	0
Renteinntekter og utbytte		0	0	0	0
<b>Sum Inntekter</b>	<b>-7 409 601</b>	<b>0</b>	<b>-6 981 772</b>	<b>-1 358 749</b>	<b>-8 869 370</b>
<b>Utgifter</b>					
Lønsutgifter		0	0	0	0
Sosiale utgifter		0	0	0	0
Varer og tenester i komm. eigenprod.	45 940 177	0	69 751 599	16 864 338	9 550 325
Kjøp av ten. som erstattar eigenprod.	14 190	0	2 409		57 698
Overføringer	10 437 808	0	15 925 396	3 750 854	2 213 350
Renteutgifter og omkostnader		0	0	0	0
Fordelte utgifter		0	0	0	0
<b>Sum Utgifter</b>	<b>56 392 175</b>	<b>0</b>	<b>85 679 404</b>	<b>20 615 192</b>	<b>11 821 373</b>
<b>Finanstransaksjoner</b>					
Avdrag på lån		0	0	0	0
Utlån og aksjekjøp		0	0	0	0
Kjøp av aksjar og andeler	407 152	0	9 256	5 091	0
Dekn.tidl.års udekka		0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond		457 230			0
Avsatt til bundne fond		286 953			4 103 948
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0	0
<b>Sum Finanstransaksjoner</b>	<b>407 152</b>	<b>0</b>	<b>753 439</b>	<b>5 091</b>	<b>4 103 948</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>49 389 726</b>	<b>0</b>	<b>79 451 071</b>	<b>19 261 534</b>	<b>7 055 951</b>
Dekka slik:					
Bruk av lån	-43 034 639	0	-73 258 182	-15 157 586	-7 055 951
Mottekne avdrag på utlån		0	0	0	0
Sal av aksjar og andeler	-233 570	0	0	0	0
Overført frå driftsrekneskapet	-6 121 517	0	-5 850 159	0	0
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond		-342 730	0	0	0
Bruk av bundne fond			-4 103 948	0	0
Bruk av likviditetsreserve		0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-49 389 726</b>	<b>0</b>	<b>-79 451 071</b>	<b>-19 261 534</b>	<b>-7 055 951</b>
<b>Udekka/Udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Oversikt Balanse

Tekst	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
<b>EIGENDELAR</b>		
<b>Anleggsmidlar</b>		
Faste eigedommar og anlegg	717 628 817	694 039 458
Utstyr, maskinar og transportmidlar	2 999 161	2 562 517
Utlån		
Aksjar og andeler	11 328 095	48 798 348
Pensjonsmidlar	53 424 376	11 154 513
<b>Omløpsmidler</b>		
Kortsiktige fordringar	8 004 423	26 703 717
Premieavvik	3 084 667	1 298 986
Sertifikater		
Obligasjonar		
Kasse, postgiro, bankinnskot	18 257 279	18 250 471
<b>SUM EIGENDELAR</b>	<b>814 726 819</b>	<b>802 808 009</b>
<b>EIGENKA PITAL</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
Disposisjonsfond		
Bundne Driftsfond		
Ubundne investeringsfond		
Bundne investeringsfond	(286 953)	(286 953)
Endr.i rekneskapsprins.som påverka AK		
Rekneskapsmessig mindreforbruk		
Rekneskapsmessig merforbruk	9 731 131	8 216 820
Rekneskapsmessig merforbruk inv.		
Likviditetsreserve		
Kapitalkonto	(213 102 883)	(207 946 970)
<b>GJELD</b>		
<b>Langsiktig gjeld</b>		
Ihendehaverobligasjoner	0	
Pensjonsforpliktning	(71 480 548)	(74 242 487)
Sertifikatlån		
Andre lån	(500 797 018)	(474 365 379)
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Kassekredittlån	(19 604 844)	(41 007 276)
Anna kortsiktig gjeld	(19 185 702)	(13 175 764)
<b>SUM EIGENKA PITAL OG GJELD</b>	<b>-814 726 819</b>	<b>-802 808 009</b>
<b>MEMORIA KONTI</b>		
<b>Memoriakonti</b>		
Ubrukte lånemidlar		
Andre memoriakonti		
Motkonto for memoriakontiane		

Stord, 31. desember 2012  
25. mars 2013

**Bjarte Salomonsen**  
styreleiar

**Rune Hansen**  
dagleg leiar

**Note 1**  
**Mellomrekning med kommunen**

Tekst	2012.12.31	2011.12.31	2010.12.31	2009.12.31
Føretake sine samla fordringar	8 004 423	26 703 717	116 189 701	21 493 003
Av dette fordring på: Stord kommune	-293 732	17 876 328	100 286 939	14 818 194
Føretaket si kortsiktige gjeld:			112 791 307	25 800 109
kommune	-19 604 844	-41 007 276	-119 083 543	-8 350 125
<b>NETTO MELLOMVERANDE</b>	<b>-19 898 576</b>	<b>-23 130 948</b>	<b>-18 796 604</b>	<b>6 468 069</b>
Føretaket si langsiktige gjeld:	500 797 018	474 365 379	430 607 197	415 449 611
kommune	500 797 018	474 365 379	430 607 197	415 449 611

**Note 2**  
**Endring i arbeidskapital**

Balanserekneskapen	2012.12.31	2012.01.01	Endring
2.1 Omløpsmidlar	kr 29 346 370	kr 46 253 173	
2.3 Kortsiktig gjeld	kr 38 790 547	kr 54 183 040	
<b>Arbeidskapital</b>	<b>kr (9 444 177)</b>	<b>kr (7 929 867)</b>	<b>kr (1 514 310)</b>

Drifts- og investeringsrekneskapen 2009	Beløp	Sum
<b>ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT</b>		
+ Sum driftsinntekter		
+ Sum driftsutgifter	kr 145 498 854	
+ Eksterne finansinntekter	kr 126 744 716	
- Eksterne finansutgifter	kr 402	
+ Motpost avskrivningar (990)	kr 36 308 778	
<b>Sum driftsrekneskapen</b>	<b>kr 22 161 444</b>	<b>kr 4 607 207</b>
		kr 4 607 207

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING		
+ Sum inntekter	kr 7 409 601	
- Sum utgifter	kr 56 392 175	
<b>Eksterne finansutgifter</b>		
- Avdragsutgifter	kr -	
- Utlån	kr -	
- Kjøp av aksjar og andelar	kr 407 152	
<b>Eksterne finansinntekter</b>		
+ Bruk av lån	kr 43 034 639	
+ Mottekne avdrag på utlån	kr -	
+ Sal av aksjar og andelar	kr 233 570	
<b>Sum investeringsrekneskapen</b>	<b>kr (6 121 517)</b>	<b>kr (6 121 517)</b>

Endring nytta lånemidlar (auke +/reduksjon-)	kr -
<b>Endring arb.kap jf drifts- og inv.rekneskap</b>	<b>kr (1 514 310)</b>
<b>Sum endring arbeidskapital jf balansen</b>	<b>kr (1 514 310)</b>
<b>Differanse</b>	<b>kr (0)</b>

**Note 3**  
**Rørsle på kapitalkontoen**

	<b>DEBET</b>	<b>KREDIT</b>
<b>INNGÅENDE BALANSE</b>		- 207 946 970
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	22 161 444	
Aktivering av fast eigedom og anlegg		46 187 447
Aktivering av utstyr, maskinar og transportmidlar		407 152
Sal av aksjar og andeler	233 570	
Aktivering av pensjonsmidlar		7 387 967
Avdrag på eksterne lån		16 603 000
Bruk av midlar fra eksterne lån	43 034 639	
<b>UTGÅENDE BALANSE</b>	<b>213 102 883</b>	
<b>SUM</b>	<b>278 532 536</b>	<b>278 532 536</b>

**Note 4**  
**Anleggsmidlar**

<b>Tekst</b>	EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande	Anleggsmaskinar, maskinar, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande.	Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar og ledningsnett og liknande.	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjons- bygg, sjukeheim og andre institusjonar, kulturbrygg, brannstasjonar og liknande	Faste eigedomar og anlegg utan avskrivning	SUM	
							<b>5 år</b>	<b>10 år</b>
Nyskaffingskost			7 103 862		644 418 300	284 408 760	10 697 337	946 628 259
Akkumulerte avskrivningar			-4 308 265		-172 275 794	-73 209 145		-249 793 204
Tilgang i rekneskapsåret			575 964		22 219 773	21 246 077	1 912 553	45 954 367
Avgang i rekneskapsåret*								0
Avskrivningar i rekneskapsåret			-372 400		-16 100 726	-5 688 318		-22 161 444
Nedskrivningar			0		0	0	0	0
Reverserte nedskrivningar			0					0

<b>Bokført verdi</b>	<b>0</b>	<b>2 999 161</b>	<b>0</b>	<b>478 261 553</b>	<b>226 757 375</b>	12 609 890	720 627 978
----------------------	----------	------------------	----------	--------------------	--------------------	------------	-------------

**Note 5**  
**Spesifikasjon av rekneskapsmessig meirforbruk**

<b>Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>	<b>Rekneskap 2009</b>
Tidlegare opparbeida meirforbruk	8 216 821	5 915 456	2 840 705	0
Årets avsetning til inndekking	0	0	0	0
Nytt meirforbruk i rekneskapsåret	1 514 310	2 301 365	3 074 751	2 840 705
Totalt meirforbruk til inndekking	9 731 131	8 216 821	5 915 456	
Resterande tal på år for inndekking				
Selskapet vil følgja plan for inndekking av meirforbruk				

**Note 6**  
**Avsetninger og bruk av avsetninger**

<b>Bunde investeringsfond</b>	<b>Kostra art/balanse</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>	<b>Rekneskap 2009</b>
IB 0101	2.55	286 953,48		4 103 947,58	0,00
Avsetnader	550	0,00	286 953,48	0,00	4 103 948,00
Bruk av avsetnader	950	0,00	0,00	4 103 947,58	0,00
UB 31.12	2.55	286 953,48	286 953,48	0,00	4 103 948,00

**Note 7**  
**Spesifikasjon av aksjar og andeler**

	<b>2012.12.31</b>	<b>2012.01.01</b>
KLP - eigenkapitalinskot	217 422	81 570
Burettslagshusvære	11 110 673	11 072 943
<b>SUM AKSJAR OG ANDELER</b>	<b>11 328 095</b>	<b>11 154 513</b>

**Note 8**  
**Pensjon**

<b>Årets netto pensjonskostnad (F § 13-1 bokstav C)</b>		<b>2012</b>	<b>2011</b>
Årets pensjonsopptening, noverdi		2 752 493	2 661 755
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting		3 037 393	2 782 294
Forventa avkasting på pensjonsmidlane		-2 728 907	-2 578 985
Administrasjonskostnader		180 273	154 716
<b>Netto pensjonskostnad (inkl.adm.)</b>		<b>3 241 252</b>	<b>3 019 780</b>
<b>Årets pensjonspremie til betaling</b>		<b>4 909 781</b>	<b>3 796 651</b>
<b>Årets premieavvik</b>		<b>-1 668 529</b>	<b>-776 871</b>

<b>Balanse 31.12.12 (F § 13-1 bokstav E)</b>		<b>Pensjons- poster</b>	<b>Arbeids- giveravgift</b>
<b>Brutto påløpt forplikting</b>		<b>-69 249 242</b>	
<b>Pensjonsmidlar</b>		<b>53 424 376</b>	
<b>Netto pensjonsforplikting</b>		<b>-15 824 866</b>	<b>-2 231 306</b>
Årets premieavvik		<b>1 668 529</b>	235 263
Premieavvik tidlegare år		1 034 948	145 928
<b>Akkumulert premieavvik</b>		<b>2 703 477</b>	<b>381 190</b>

Kommunen har valt 15 års amortiseringstid. Frå og med 2012 er amortiseringstida 10 år.

<b>Beregningsføresetnader</b>			<b>KLP</b>
Forventa avkastning på pensjonsmidlar (F § 13-5 bokstav F)			5,50%
Diskonteringsrente (F § 13-5 bokstav E)			4,50%
Forventa årleg lønsvekst (F § 13-5 bokstav B)			3,16%
Forventa årleg G- og pensjonsregulering (F § 13-5 bokstav C og D)			3,16%
<b>Føresetnader for turn-over (F § 13-5 bokstav G) :</b>			
<b>Alder</b>	<b>Fellesordning</b>	<b>Andel som tek ut AFP frå 62 år:</b>	
<20	20%	Fellesordning, 65 års aldergrense	33,00%
20-23	15%	Fellesordning, 70 års aldergrense	45,00%
24-29	10%		
30-39	7,5 %		
40-50	5%		
51-55	2%		
>55	0%		

<b>Estimatavvik</b>	<b>Pensjons- midlar</b>	<b>Pensjonsforpliktingar</b>	<b>Netto</b>
Estimert 31.12.11	48 798 348	71 098 207	-22 299 859
Ny berekning 31.12.12	53 424 376	69 249 242	-15 824 866
<b>Årets estimatavvik (01.01.13)</b>	<b>-4 626 028</b>	<b>-1 848 965</b>	<b>6 474 993</b>
Estimatavvik fra tidlegare år	4 886 858	-3 218 329	-1 668 529
Amortisert 2012	-260 830	5 067 294	4 806 464
<b>Akkumulert estimatavvik 31.12.12</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>